



REFERAT - MØTE FAU 24.MAI 2022

Dato: 24.5.22 kl 19:00-21:20

Stad: HBUS, møterom 222

Innkalla: FAU-representantar og rektor

Til stades: Øyvind Oksnes, Ingvild Midttun Kjos, Inger Johanne Lomheim, Tomas Kjølraug (deltok på sak 30-32), Linda K. Brunborg, Anne Therese Moen og Hilde Holte Selland

Ikkje til stades: Monika Reime, Ann Kristin Torgersen, Tonje Været og Kurt Norheim

SAK

30/21-22: Gjennomgang av referat frå førre FAU-møte.
Ingen kommentar

31/21-22: Trafikktryggleik på skulevegen
a) Tilskot til Trafikktryggingsaktivitetar.
Planlegg søknad 1.september 2022.

Innspel frå ungdomsskulen som rektor informerte om:

- Korleis oppføra seg i trafikken med el-sparkesykkel, sykkel, el-sykkel m.m.
Kan søkja om: sykkelopplæring.
Ein ynskjer også å ramme inn sykkelparkeringane. Tak over dei to sykkelparkeringane ein har i dag.
- Korleis oppføre seg på vatnet med båt, redning frå båt m.m. -
Ein kan søkja om temadag. Forslag om temadag i samarbeid med redningsselskapet, Røde kors evt. andre aktuelle samarbeidspartnarar.

32/21-22: Orienteringssaker
a) Orienteringar frå rektor.

- Botn-feltet: framleis parkering på ny gangveg/fortau. Den gamle gang- og sykkelvegen er ikkje kosta og det er store hol i sykkelvegen.

FAU-leiar tek saken vidare i SU. Ein må oppretthalda trygg skuleveg. FAU-leiar tek telefon til aktuelle ansvarlege.

- Planlegging av neste skuleår pågår. Det er 6 tilsette som sluttar og nokre nye tilsettingar og andre som har fått fast stilling. Stabile elevtal.



- Stort fråvær på lærarar og elevar skuleåret 21/22. Dette har vore ein utfordring men skulen har fått god bistand frå bl.a. studentar.
- Tilstandsrapport for HBUS har vore oppe i kommunestyret. Denne rapporten vert lag ut på heimesida til skulen.
- Hærverk på skulen/skuleområdet. Ein observera fleire mindre ting, spesielt rundt gamle vidaregåande skule. Dette skjer på kveld/helg. Har vore hærverk på sykklar i skuletid (t.d. skru laus hjul). Her har det vore informasjon ut til alle elevane.
- Parkering: Eige skriv blir send ut til alle foreldre/føresette frå rektor.
- Erasmus. Det er eit EU-prosjekt som Hafslo skule er ein del av. Lærarar frå ulike land var på besøk på Hafslo skule no i vår.

b) Orienteringar frå andre.

- a. Leiar i «stupetårn-gruppa» i Hafslovatnet 4H har informert FAU om at Hafslovatnet 4H har fått lovnad om 150 000kr i bygdeutviklingsmidlar. Desse midlane skal etter planen nyttast til flytebrygge med stupetårn i området nedanfor skulen. (Naturmøteplassen). Etter oppfordring frå kommunen, er 4H i ferd med å danne eiga gruppe med representantar frå 4H, idrettslaget og fleire som skal jobbe med dette tiltaket. Ein skal også sjå på andre mogelegheiter for utvikling av dette området. Gruppa ynskjer å høyre kva FAU tenkjer om ei flytebrygge med stupetårn i dette området, og vil gjerne ha innspel om andre ting dei ønskjer å ha i dette området.

FAU sine innspel:

- FAU er positive til eit flytebrygge med stupetårn
- FAU meiner at ein må sjå på plassering av stupetårnet i forhold til andre aktivitetar i strandsona. Området utanfor grillhytte og ny tilrettelagt strand vil truleg vera godt eigna. Dette må avklarast med skulen, kommunen og/eller grunneigarar.
- Andre ting i området det kan vera behov for er ein stad for å gå i land frå båt og legge til båt for elevar. Ein stad dei kan «parkera» båten sin. Det er også ynskjeleg med sitjeplassar i området, t.d. bord, benk.

b. Status transport bading.

FAU-leiar informerte: Saka er tatt opp i SU, i alle FAU i kommunen og deretter tilbake i SU. SU-leiar skal ta saka vidare i kommunestyre.

FAU-leiar følgjer opp saka.

c) Status dugnad uteområde:



Under og i etterkant av dugnaden har FAU mottatt tilbakemeldingar om at det i år var ekstra mykje arbeid på dugnaden, nokre har også stilt spørsmål om alt dette arbeidet skal utførast på dugnaden.

Informasjon frå FAU representant som var på dugnaden:

Det var godt oppmøte frå alle trinn. Dei som møtte opp var flinke til å ha med hagereiskap. I tillegg til hagereiskap, stilte to foreldre med kvar sin traktor, ein forelder stilte med to bensindrivne, roterande feiekostar, som tok mengder med mose langs alle kantar.

Måling/beising vart utsett på grunn av regn.

Store mengder sand vart kosta opp og køyrd vekk med traktorane.

Fokus vidare:

Det er viktig å halda på ei positiv haldning til dugnadsarbeid. Det er eit ynskje om at dugnad også skal vera ein hyggeleg sosial møteplass og ikkje to timar med hardt fysisk arbeid.

FAU diskuterte alle tilbakemeldingar i møte, evaluerte og oppsummerar det slik:

- Dato for dugnad må kome ut tidlegare. Ein kan vurdere å ha to datoar for dugnad slik at ein ha større sjanse for å utføra beising (vêravhengig).
- Det var ca. 30 stykk som stilte på dugnad. Dette er betre enn i fjor men her er det forbettringspotensial. FAU oppfordrar fleire å stille på vårdugnad.
- Vaktmeister er tilsett i teknisk etat og har sine stillingsinstruksar. Det skal bli utført like tenester i forhold til alle skulane i kommunen. Det vart utført dugnad på dei andre skulane og barnehagane i kommunen. Ein kan likevel gjera nokre tiltak. FAU vil ta kontakt med kommunen i god tid før neste dugnad (vår 23), slik at all kosting ein kan få utført med køyretøy vart utført før dugnaden.
- FAU skal vurdere om det er tiltak som kan gjerast for å auka oppmøte på dugnaden og gjera detta til noko som er kjekt å delta på.

33/21-22: Årshjul for FAU og klassekontaktar.

FAU vedtok å legge til:

- Februar/mars: Finne aktuelle tidspunkt tidleg på året for dugnad om våren.
- Mars: storforeldremøte
- Mai: påminning om val av klassekontaktar, økonomiansvarleg og FAU-representant for neste skuleår.
- Juni: Gåve til lærarane
- August: Årsmøte (samtidig med info/oppstarts-møte).

34/21-22: Tilbod om gratis foredrag frå fug:

<https://foreldreutvalgene.no/fug/fa-gratis-foredrag-fra-fug/>



Vurderer å arrangere til hausten.

FAU-leiar tek kontakt og undersøker tilbod og tidsfristar for bestilling. Her er det tilbod til både tilsette ved skulen, FAU og foreldre/føresette.

35/21-22: Ymse

- a. Symjeundervisning: Kome inn spørsmål om klassar på barnetrinnet ikkje har fått symjeundervisninga som planlagt i år pga vedlikehaldet i Lustrabadet som kom uanmeldt på skulen? Har andre delar av kommunen (Gaupne) kome like dårleg ut?

Rektor informerte:

Hafslo skule har ikkje fått mindre symjeundervisning enn det som var planlagt. Her har Hafslo nytta Hafslovatnet til symjeundervisning. Til samanlikning er det mange skular i Noreg som kun har symjeopplæring i 4. klasse.

- b. Innspel om det kan vera ein ide å sjå på om det er mogleg å bygga eit enkelt tak over sykkelparkeringa?

Dette er eit godt innspel som FAU vil jobba med å få til. Dette har også kome inn som ynskje frå elevrådet, jf. sak 31/21-22. FAU vil i samarbeid med skulen sjå korleis ein kan få midlar til dette.

- c. Innspel om områdeplanen for Hafslo: Har kommunen invitert dei eldste elevane til innspel og samråd i utarbeiding av ny plan? Meinar områdeplanen er eit tema som burde vere av interesse for FAU. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/veileder-om-barn-og-unge-i-plan-og-byggesak/id2772463/>

Rektor informerte om at områdeplanen har vore oppe i elevrådet.

- d. Innspel om uteområdet nede ved vatnet. Kva skjer med raudebana og sandvolleyballbana?

Informasjon frå rektor: Raudebana skal oppdaterast. 60-meteren og lengdegropa skal flyttast på den andre sida av raudebane, ned mot vatnet. Sandvolleyballbana blir slik som den er i dag.

- e. Innspel om songar på bokmål vs nynorsk. Songar som blir framført av elevar ved ulike tilstellingar på skulen blir av og til framført på bokmål sjølv om det finst nynorsk versjon av songen. Ein ynskjer å oppmoda lærarar ved Hafslo skule å velja songar på nynorsk.

Rektor tek saka vidare med tilsette ved HBUS. Ein vil oppfordra til å nytta songar med tekst på nynorsk. Rektor informerte om at det har



vore lite samlingar og song under pandemien. Dette vil skulen starte opp att med.

- f. Finne dato for oppstart/årsmøte til hausten.

FAU vedtok tysdag i veke 35, **30.august 2022**

- g. Innspel om endring av tradisjon for gåver til kontaktlærarar i 10.klasse: Forslag om blomehelsing til kontaktlærer/-ar fortset slik som før men pengegåve kan gjevast til felleskassa slik at gåva kjem alle til gode.

FAU vedtek å innføra dette forslaget til neste skuleår 22/23. FAU legg dette til påminning på årshjulet.

Neste møte: tysdag 30.august 2022

Referent: Inger Johanne Lomheim